



Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/2729 - 22/4511

Saksbehandlar:  
Tone Furustøl  
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:  
17.01.2022

## **Stadfestar mottatt klage og vurdering av utsatt iverksetting - gbnr 58/129 Lygren indre**

**Tiltak:** Naust  
**Byggjestad:** Gbnr: 58/129  
**Tiltakshavar:** Morten Andre Mjanger  
**Ansvarleg søkjar:** Grahl-Madsen & Co Advokatfirma AS

Vi stadfestar med dette å ha mottatt dykkar klage på vedtak om dispensasjon for etablering av kai og flytebryggje - gbnr 58/129 Lygren indre innan rett tid den 12.01.2022.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen, jf. forvaltningslova § 33.

Dersom administrasjonen opprettheldt vedtaket, vert klagen handsama av Utval for areal, plan og miljø. Møta vert halde på Region Nordhordland Helsehus (RNH), Kvassnesvegen 40, 5914 Isdalstø. Meir informasjon om politiske møte ligg på Alver kommune si heimeside, sjå [her](#).

Handsaminga i Utval for areal, plan og miljø kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthaldt av Utval for areal, plan og miljø, vert klagen sendt til Statsforvaltaren i Vestland (tidlegare Fylkesmannen i Vestland) for endeleg avgjerd.

### **Vurdering av utsett iverksetting av vedtak**

I mottatt klage er det bedt om utsett iverksetting av vedtak datert 08.12.2021 med saknr. 178/21. Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskapleg og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vera ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje, td. uoppretteleg skade eller tap for partane.

I vedtaket som er fatta er det gitt dispensasjon for etablering av kai og flytebryggje - gbnr 58/129 Lygren indre. Det er ikkje søkt om byggjeløyve per dags dato.

Administrasjonen vurderer at det er grunnlag for å gje utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon inntil klagesaka er avgjort. I vurderinga av saka har administrasjonen lagt særleg vekt på at det ikkje er føremålstenleg å handsama ein eventuell søknad om byggjeløyve før klagen på dispensasjonsvedtaket er endeleg avgjort. Ei eventuell omgjerding av vedtaket som no ligg føre vil kunne føra til at det vert gitt byggjeløyve på feil grunnlag slik at også dette vedtaket må endrast. Det er vidare lagt vekt på at eit vedtak om utsett iverksetting får liten konsekvens for tiltakshavar.

Det vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon fatta av Utval for areal, plan og miljø i møte 08.12.2021 med saknr. 178/21.

Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Statsforvaltaren i Vestland.

### **Aktuelt regelverk**

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.
- Krav om utsatt iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Tone Furustøl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Grahl-Madsen & Co Advokatfirma AS	Kong Oscars gate 25	5017	BERGEN
Grahl-Madsen & Co Advokatfirma AS	Kong Oscars gate 25	5017	BERGEN
Morten Andre Mjanger	Kjenndalstoppen 1	5225	NESTTUN
Morten Andre Mjanger	Kjenndalstoppen 1	5225	NESTTUN

**Mottakarar:**

Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
-----------------------------	--------------	------	-----------